

Møte nr. 3/2012

Kontrollutvalet i Bjerkreim INNKALLES TIL MØTE 27. august 2012 kl. 08.30 på Møterom 2

SAKLISTE

Godkjenning av innkalling og saksliste

- 23/12 [Godkjenning av protokoll frå forrige møte](#)
- 24/12 [Plan for forvaltningsrevisjon. Prioriteringar til og ferdigstilling av ny plan](#)
- 25/12 [Utveljing av forvaltningsrevisjonsprosjekt for levering i 2013](#)
- 26/12 [Plan for selskapskontroll 2013 - 2016](#)
- 27/12 [Budsjett for kontroll og tilsyn 2013. Kontrollutvalets budsjettforslag](#)
- 28/12 [Oppfølging av forvaltningsrevisjonsrapport: Kvalitet i barnevernstjenesten.](#)
- 29/12 [Uavhengighetserklæring fra oppdragsansvarlig revisor/engasjementsbrev](#)
- 30/12 [Kontrollutvalets saker - statusoversikt pr. august 2012](#)
- 31/12 [Presentasjon av revisor overordnede revisjonsstrategi for 2012. U.OFF OFL §24](#)

EVENTUELT

Ver grei å melda eventuelt forfall snarast på telefon 51976590, som sms til mobiltlf. 98806776 eller på e-post til postmottak.rks@sandnes.kommune.no

Ved forfall blir varamedlemmer kalla inn særskilt. Medlemmer som meiner seg inhabile, må gi melding om dette slik at varamedlem kan kallast inn..

Evt. saker merka(*Unnateke offentlighet i medhald av off. l.*) sendes bare til medlemmer/varamedlemmer.

Vikeså, 17. august 2012

Magne Vaule
Leiar av kontrollutvalet

Wencke S. Olsen
Sekretariatet

**ROGALAND
KONTROLLUTVALGSEKRETARIAT IS**

Arkivsak : 201000100
Arkivkode : E: 049
Saksbeh. : Wencke S. Olsen

Behandles av utvalg: Kontrollutvalget i Bjerkreim	Møtedato 27.08.2012	Utvalgssaksnr. 23 /2012
---	-------------------------------	-----------------------------------

GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ FORRIGE MØTE

Viser til vedlagte protokoll fra kontrollutvalgets møte den 4. juni 2012.

Forslag til

VEDTAK:

Kontrollutvalet i Bjerkreim godkjenner protokoll frå møte den 4. juni 2012.

SANDNES, 14/8-2012

Wencke S. Olsen
Daglig leder

Vedlegg:
[Protokoll frå møte 4/6-2012](#)

[Til innkalling](#)

**ROGALAND
KONTROLLUTVALGSEKRETARIAT IS**

Arkivsak : 200800119
Arkivkode : E: 144
Saksbeh. : Wencke S. Olsen

Behandles av utvalg: Kontrollutvalget i Bjerkreim	Møtedato 27.08.2012	Utvalgssaksnr. 24 /2012
---	-------------------------------	-----------------------------------

**PLAN FOR FORVALTNINGSREVISJON. PRIORITERINGER TIL OG
FERDIGSTILLING AV NY PLAN**

Bakgrunn:

Kontrollutvalet har frist til 31.12.12 med å vedta ny Plan for forvaltningsrevisjon for den kommande kommunestyreperioden. Som ein del av arbeidet med planen har kontrollutvalet bedt om innspel både frå kommuneadministrasjonen og frå politiske leiarar.

Saksutredning:

Når kontrollutvalet nå skal prioritera prosjekt til den kommande planen, skal dette gjerast ved å ta omsyn til risiko og vesentlighet (eller konsekvens/sannsynlighet) knytt til dei enkelte forslaga. Til hjelp er det lagt ved ei matrise, som også vil bli tatt med til møtet av sekretariatet i ein større versjon.

For å lette oversikten over innkomne forslag, har sekretariatet lagd ei stikkordsmessig oversikt over innkomne forslag knytt til det enkelte hovudområdet, med ei oversikt over mulige risikoar frå overordna analyse under kvart område. For utvida informasjon om dei enkelte forslaga vises til eget vedlegg som oppsummerar dei innspela som har kome inn. Utkast til plan for forvaltningsrevisjon vert også lagt ved.

Forslag til

VEDTAK:

Sekretariatet noterer de forslag som vert prioritert frå kontrollutvalets side. Forslaga vert lagt inn i Plan for forvaltningsrevisjon, som vert oversendt kommunestyret i Bjerkreim for endelig godkjenning.

SANDNES, 29/5-2012

Wencke S. Olsen
Daglig leder

Vedlegg:

[Samla oversikt over innspel m/risikoområde, matrise, utkast til plan](#)

[Til innkalling](#)

Arkivsak : 201100047
Arkivkode : E: 216
Saksbeh. : Wencke S. Olsen

Behandles av utvalg: Kontrollutvalget i Bjerkreim	Møtedato 27.08.2012	Utvalgssaksnr. 25 /2012
---	-------------------------------	-----------------------------------

UTVELGING AV FORVALTNINGSREVISJONSPROSJEKT FOR LEVERING I 2013

Bakgrunn:

Ifølge *forskrift om kontrollutvalg* skal kommunen årlig bli gjenstand for forvaltningsrevisjon i samsvar med gjeldende bestemmelser.

Kontrollutvalet bør helst på dette møtet ta stilling til kva for prosjekt man ønskjer skal gjennomførast i 2013, slik at revisors utkast til mandat for gjennomføring av prosjektet kan handsamast på siste møte i 2012.

Saksutredning:

Prosjekt for gjennomføring av forvaltningsrevisjon skal bestillast med bakgrunn i vedtatt Plan for forvaltningsrevisjon. Ny plan er nå under utarbeiding, og kontrollutvalet vil i eigen sak i dette møtet foreta prioritering av aktuelle prosjekt til planen.

Utvalet bør bestilla eit av dei prioriterte prosjekta til den nye planen, under føresetnad av at kontrollutvalets plan blir godkjent av kommunestyret.

Utkast til prosjektmandat vil i så fall bli behandla på novembermøtet, då endelig bestilling kan foretas.

Forslag til

VEDTAK:

[Kontrollutvalet i Bjerkreim ber Rogaland Revisjon IKS om å leggja fram utkast til prosjektmandat på forvaltningsrevisjonsprosjektet "xxxxx" til neste møte.](#)

SANDNES, 15.08.2012

Wencke S. Olsen
daglig leder

[Til innkalling](#)

Arkivsak : 200800120
Arkivkode : E: 144
Saksbeh. : Wencke S. Olsen

Behandles av utvalg: Kontrollutvalget i Bjerkreim	Møtedato 27.08.2012	Utvalgssaksnr. 26 /2012
---	-------------------------------	-----------------------------------

PLAN FOR SELSKAPSKONTROLL 2013 - 2016

Bakgrunn:

Forskrift om kontrollutvalg § 13 forutsetter at kontrollutvalget minst én gang i valgperioden og senest innen utgangen av året etter at kommunestyret er konstituert, utarbeider en plan for gjennomføring av selskapskontroll. Planen skal vedtas av kommunestyret selv, som kan delegere til kontrollutvalget å foreta endringer i planperioden. Planperioden går ett år ut over kommunestyreperioden, da ny plan ikke vil bli vedtatt før i 2016.

Saksutredning:

Plan for selskapskontroll legger denne gangen opp til at det gjennomføres et overordnet prosjekt i perioden som gjennomgår kommunes eierskap i alle selskaper, og vil derfor skille seg noe fra måten selskapskontroll har vært gjennomført på tidligere, der det kun har vært gjennomgang av enkeltsselskaper knyttet til KL § 80¹. Det er imidlertid den totale gjennomgangen av forvaltningen av kommunens interesser i selskaper m.m. (KL § 77.5) som er den obligatoriske delen av selskapskontrollen.

En eventuell gjennomgang av enkeltsselskaper der det kan gjennomføres forvaltningsrevisjon i henhold til KL § 80 vil følge som egne prosjekter på et senere tidspunkt. Slike prosjekter vil i så fall bli gjennomført samarbeid med øvrige eiere.

Sekretariatet har vært i kontakt med kommuneadministrasjonen når det gjelder oversikt over aktuelle selskaper. Dersom kontrollutvalget har forslag til endringer i planen, vil disse bli innarbeidet i planen før den videresendes kommunestyret for sluttbehandling.

Kontrollutvalget innstiller til kommunestyret i denne saken.

Forslag til

VEDTAK:

- Kommunestyret i Bjerkreim vedtar den framlagte Plan for selskapskontroll for den inneværende kommunestyreperioden.
- Evt. oppdatering av planen i perioden delegeres til kontrollutvalget

¹ I interkommunale selskaper etter lov 29. januar 1999 nr. 6 og i aksjeselskaper der en kommune eller fylkeskommune alene eller sammen med andre kommuner eller fylkeskommuner eier alle aksjer, og i heleide datterselskaper til slike selskaper, har kommunens eller fylkeskommunens kontrollutvalg og revisor rett til å kreve de opplysninger som finnes påkrevd for deres kontroll, så vel fra selskapets daglige leder som fra styret og den valgte revisor for selskapet. I den utstrekning det finnes nødvendig, kan kontrollutvalget og kommunens revisor selv foreta undersøkelser i selskapet.

SANDNES, 15.08.2012

Wencke S. Olsen

Vedlegg:

[Plan for selskapskontroll](#)

[Til innkalling](#)

Arkivsak : 200800107
Arkivkode : E: 151
Saksbeh. : Wencke S. Olsen

Behandles av utvalg: Kontrollutvalget i Bjerkreim	Møtedato 27.08.2012	Utvalgssaksnr. 27 /2012
---	-------------------------------	-----------------------------------

BUDSJETT FOR KONTROLL OG TILSYN 2013. KONTROLL- UTVALGETS BUDSJETTFORSLAG

Bakgrunn:

Forskrift om kontrollutvalg pålegg utvalet ansvar for å utarbeida budsjettforslag for kontroll- og tilsynsarbeidet i kommunen. Budsjettet skal omfatta alle utgifter til kontrollutvalets arbeid. Kontrollutvalets budsjettvedtak skal i høve til forskrifta leggjast fram for kommunestyret i forbindelse med at kommunens samla budsjett for 2013 skal vedtas. Kontrollutvalets forslag kan ikkje endrast av administrasjonen².

Kontrollutvalets ansvar for utarbeiding av eige budsjettforslag inneberer også eit ansvar for regnskap og regnskapsoppfølging.

Saksutredning:

Forskrifta pålegg kommunen å ha eit kontrollutval, ei forsvarleg revisjonsordning og eit uavhengig sekretariat. Budsjettforslaget omfattar derfor i hovudsak kun lovpålagte oppgåver.

Budsjettforslaget er delt inn i 3 hovudpunkt: Utgifter til sekretariat, til revisjon og kontrollutvalets arbeid (godtgjersle, kurs- og reiseutgifter m.m.).

Kontrollutvalets utgifter

Kontrollutvalets utgifter består av møtegodtgjersle til kontrollutvalets medlemmer, utgifter til kjøring/transport, kurs m.m. . Utvalets medlemskap i FKT høyrer også med her, dette er ei utgift som kjem så lenge kommunen er medlem. Fjorårets budsjett er vidareført med endring av utgifter til kurs og opplæring, som er auka tilsvarende fjorårets forslag.. Det er viktig at kontrollutvalet får høve til å oppdatere seg innafor fagfeltet. Utgifter til kontingenter, gebyr m.m. er redusert med 3.000 kr. i forhold til rekneskap 2011. Samla sett er budsjett for kontrollutvalets utgifter auka med 7.000 kr. i forhold til kommunestyrets vedtak i 2012, men er likevel på same nivå som *forslaget* til budsjett for 2012.

Revisors budsjettforslag:

Kommunen er medeiger i det interkommunale selskapet Rogaland Revisjon IKS. Budsjettet omfattar utgifter til forvaltningsrevisjon, regnskapsrevisjon, attestasjonar og møter i kontrollutvalet.

Sekretariatet har mottatt forslag til budsjett frå revisor. Budsjettet er behandla og godkjent av styret i Rogaland Revisjon IKS 22.08.12, og skal vedtas av representantskapet seinare i haust.

Revisors budsjett omfattar i grove trekk utgifter til regnskapsrevisjon, attestasjonar, forvaltningsrevisjon og selskapskontroll i høve til planer vedtatt av kommunestyret, samt oppmøte i kontrollutvalet. Revisor har i sitt budsjettforslag justert opp timeprisen. Timetalet er justert ned, slik at samla pris dermed og har gått litt ned. Revisor gjer merksam på at sidan timetalet er justert ned, er budsjettet svært stramt. I kva grad kommunen sjølv legg til rette for revisor vil derfor vera avgjerande for at budsjettet skal halda.

² Jfr. bl.a. Kontrollutvalgsboka s. 25 m/referanser

Sekretariatets budsjettforslag:

Kommunen er medlem i det interkommunale samarbeidet Rogaland Kontrollutvalgs- sekretariat IS. Kommunen har gjennom avtalen forpliktet seg til å betale eit årlig grunnbeløp til sekretariatet. Sekretariatets budsjett vart godkjent av styret den 21. august 2012.

For Bjerkreims del er budsjettet for 2013 auka med 3.000 kr. Endelig avrekning foretas i hht vedtektene ved rekneskapsavlegginga. Her vart kommunen i 2012 tilbakebetalt kr. 10.700,- (del av regnskapsoverskotet for 2011). Pga. auka pensjonsforpliktingar er det grunn til å tru at overskotet framover vil bli mindre enn tidligare.

Kommentar til samla budsjettforslag

Det vises til vedlegg for samla oversikt over budsjettforslaget for 2013. Kommunen betaler meirverdiavgift på kjøp av tenester frå sekretariat og revisor. Desse vert refundert, slik at denne posten skal gå i 0.

Det vert foreslått eit samla budsjett på kr. 472.000,- eks. mva. for kontroll og tilsyn for 2013, det er ein auke på 0,2% sett i forhold til fjorårets forslag frå kontrollutvalet, og ca. 4% i forhold til kommunestyrets vedtekne budsjett for 2012. Kontrollutvalets forslag til budsjett 2012 vart redusert med ca. 20.000,-. Sekretariatet føreset at reduksjonen er gjort av formannskap/kommunestyre i tråd med forskriftene og ikkje av administrasjonen.

Dersom kommunestyret vedtar endringar i kontrollutvalets budsjettforslag må dette meddelast kontrollutvalets administrasjon.

Forslag til

VEDTAK:

- Kontrollutvalet i Bjerkreim går inn for eit samla budsjetttramme for kontroll og tilsyn for 2013 på kr. 472.000,-ekskl. mva.
- Eventuelle endringar i budsjettforslaget gjort av kommunestyret må meddelast kontrollutvalets administrasjon.

SANDNES, 22.08.2012

Wencke S. Olsen
Skr.leder

Vedlegg:
[Budsjettoversikt](#)

[Til innkalling](#)

Arkivsak : 201000086
Arkivkode : E: 216
Saksbeh. : Wencke S. Olsen

Behandles av utvalg: Kontrollutvalget i Bjerkreim	Møtedato 27.08.2012	Utvalgssaksnr. 28 /2012
---	-------------------------------	-----------------------------------

OPPFØLGING AV FORVALTNINGSREVISJONSRAPPORT: KVALITET I BARNEVERNSTJENESTEN.

Bakgrunn:

Kontrollutvalgsforskriften³ gir kontrollutvalet ansvar for å sjå til at kommunestyrets vedtak i samband med gjennomført forvaltningsrevisjon vert fylgt opp av rådmannen.

Kommunestyret i Bjerkreim behandla denne rapporten i møte den 21. september 2011, sak 38/11. Det vart her fatta følgjande vedtak:

1. *Kommunestyret i Bjerkreim tar forvaltningsrevisjonsrapporten "Barnevernet" til etterretning.*
2. *Rapporten oversendes rådmannen, som bæs om å gi tilbakemelding på oppfølging av rapportens konklusjoner og anbefalinger innen 1. april 2012."*

Revisors konklusjonar og anbefalingar i rapporten var følgjande:

- **Vi anbefaler kommunen** å finne ut hvorfor barn av innflyttere er så sterkt representert i barnevernsstatistikken, og se nærmere på hva man kan gjøre for å håndtere dette.
- **Vi anbefaler kommunen** å kontrollere tallene som rapporteres til KOSTRA og rapporteringsbanken (via Fylkesmannen).
- **Vi anbefaler kommunen** å sørge for at rapporteringen av antall barn med tiltaksplan til Fylkesmannen gir et korrekt bilde av hvor mange som faktisk har tiltaksplan.

Saksutredning:

Sekretariatet har motteke tilbakemelding om oppfølging frå Bjerkreim kommune i brev av 08.08.12, sjå vedlegg.

Sekretariatet gjer merksam på at kommunens tilbakemelding når det gjeld et første punktet i revisors anbefaling er unnateke offentlighet. Det vert derfor vist til vedlegget, som av den grunn og er u.off. Vedlegget er trykt på farga papir og vil bli samla inn for makulering etter møtet.

Når det gjeld neste kulepunkt opplyser rådmannen at det vert gjennomført internkontroll av alle tal som vert rapportert i KOSTRA.

Revisor fann i rapporten ein del avvik når det gjaldt interne tal og tal rapportert til Fylkesmannen ang. barn med tiltaksplan. Her har kommunen meldt tilbake om tal barn med tiltaksplan, i tillegg vert det opplyst kor mange barn som har aktive tiltaksplanar, samt kor mange barn som har ein tiltaksplan under evaluering/undersøking. Sekretariatet går ut frå at dette er interne tal som og vert rapportert til Fylkesmannen.

³ § 12: Kontrollutvalget skal påse at kommunestyrets eller fylkestingets vedtak i tilknytning til behandlingen av rapporter om forvaltningsrevisjon følges opp. Kontrollutvalget skal gi rapport til kommunestyret eller fylkestinget om hvordan kommunestyrets eller fylkestingets merknader til rapport om forvaltningsrevisjon er blitt fulgt opp. Det skal også rapporteres om tidligere saker som etter utvalgets mening ikke er blitt fulgt opp på en tilfredsstillende måte.

Det er gitt tilbakemelding på rapportens konklusjonar og anbefalingar i tråd med kommune-styret sitt vedtak. . Dersom kontrollutvalet ønskjer ytterligare opplysningar før saka vert vidaresendt, har utvalet høve til det.

Forslag til

VEDTAK:

Kontrollutvalet i Bjerkreim tar rådmannens tilbakemelding på oppfølging av rapporten "Kvalitet i barnevernstjenesten" til orientering.

Saka vert vidaresendt kommunestyret i Bjerkreim til orientering.

SANDNES, 15/8-2012

Wencke S. Olsen
Daglig leder

Vedlegg:

Brev av 08.08.12 frå Bjerkreim kommune. ***U. off OFL § 13/FVL § 13 1).***

[Til innkalling](#)

Arkivsak : 200800167
Arkivkode : E: 026
Saksbeh. : Wencke S. Olsen

Behandles av utvalg: Kontrollutvalget i Bjerkreim	Møtedato 27.08.2012	Utvalgssaksnr. 29 /2012
---	-------------------------------	-----------------------------------

UAVHENGIGHETSERKLÆRING FRÅ OPPDRAGSANSVARLIG REVISOR/ENGASJEMENTSBREV

Bakgrunn

Oppdragsansvarlig revisor skal årlig og ellers ved behov gi en skriftlig egenvurdering til kontrollutvalget om oppdragsansvarlig revisors uavhengighet (Forskrift om revisjon § 15).

I forbindelse med ny valgperiode har revisor også lagt fram et engasjementsbrev som bl.a. presiserer avgrensninger knyttet til revisjonsoppdraget.

Saksutredning

Ifølge Kommunelovens § 79 skal den som foretar revisjon for en kommune ikke ta oppdrag for kommunen dersom revisor eller revisors nærstående har en slik tilknytning til kommunen at den kan svekke revisors uavhengighet og objektivitet. I tillegg sier forskriftens §§ 13 og 14 noe om hvilke krav som stilles til at revisor skal være uavhengig, og hvilke avgrensninger som finnes for revisor ved gjennomføring av revisjonsoppdraget.

Iflg. kommentarer til forskrift om revisjon (vedl. 2 til Rskr. H-15/04) gjelder kravet til uavhengighet og objektivitet både revisor og revisors medarbeidere, men bestemmelsene om dokumentasjon gjelder som nevnt i erklæringa bare oppdragsansvarlig revisor. Det er også nevnt i samme vedlegg til rundskrivet at oppdragsansvarlig revisor som et minimum skal gi en årlig skriftlig egenvurdering til kontrollutvalget om sin uavhengighet.

Sekretariatet har også mottatt engasjementsbrev Bjerkreim kommune. Her gjennomgås revisjonsoppdraget, og det foretas avgrensninger i forhold til både regnskapsrevisjonen og i forhold til forvaltningsrevisjon/selskapskontroll.

Revisjonsoppdraget avgrenses først mot det ansvaret som påligger kommunestyret og kontrollutvalget. Det vises her bl.a. til kontrollutvalgets bestillerrolle og påseansvar i forhold til at kommunen skal ha en betryggende revisjonsordning.

Deretter gjennomgår revisor de ulike deler av revisjonsoppdraget, og viser til de krav som stilles i lovgivning og standardverk utviklet av revisjonsbransjen internasjonalt og nasjonalt (de fleste standarder er internasjonale med nasjonale tilpasninger).

Engasjementsbrevet beskriver også hvordan revisor rapporterer til kontrollutvalget på de ulike trinn i revisjonsprosessen.

Både erklæring om uavhengighet og engasjementsbrevet gis på revisors eget ansvar og skal ikke godkjennes av kontrollutvalget, men tas til orientering.

Forslag til

VEDTAK:

Kontrollutvalget i Bjerkreim tar den fremlagte uavhengighetserklæringen og engasjementsbrevet fra oppdragsansvarlig revisor i Bjerkreim kommune til orientering.

Sandnes, 21. august 2012

Wencke S. Olsen
sekr.leder

Vedlegg:
Revisors uavhengighetserklæring 2012
Engasjementsbrev

[Til innkalling](#)

**ROGALAND
KONTROLLUTVALGSEKRETARIAT IS**

Arkivsak : 200800150
Arkivkode : E: 216
Saksbeh. : Wencke S. Olsen

Behandles av utvalg: Kontrollutvalget i Bjerkreim	Møtedato 27.08.2012	Utvalgssaksnr. 30 /2012
---	-------------------------------	-----------------------------------

**KONTROLLUTVALETS SAKER - STATUSOVERSIKT PR. AUGUST
2012**

Bakgrunn:

Sekretariatet legg til kvart møte fram oversikt over status på bestilte prosjekt og kontrollar, samt andre saker kontrollutvalet har tatt opp til handsaming. Oversikta inneheld og kva for ferdigstilte prosjekt som har vorte behandla og sendt over til kommunen, når desse skal følgjast opp og oversikt over kva for prosjekt som er heilt ferdigbehandla. Til slutt kjem ei oversikt over andre saker.

Saksutgreiing:

I oversikta finst det ei kolonne som viser når revisor ventar å vera ferdig med den enkelte rapporten kontrollutvalet har bestilt. Denne er oppdatert etter siste mottatte oversikt frå Rogaland Revisjon. Revisor orienterer om framdrift på prosjekta på møtet.

Prosjekt som vert bestilt av kontrollutvalet skal vera med bakgrunn i vedtekne planar. Kontrollutvalet må vedta nye planar innan 31.12.2012.

Forslag til

VEDTAK:

[Kontrollutvalet i Bjerkreim tar statusoversikten for august 2012 til orientering.](#)

SANDNES, 21. august 2012

Wencke S. Olsen
Daglig leder

Vedlegg:
[Statusoversikt pr. august](#)

[Til innkalling](#)

**ROGALAND
KONTROLLUTVALGSEKRETARIAT IS**

Arkivsak : 200800167
Arkivkode : E: 026
Saksbeh. : Wencke S. Olsen

Behandles av utvalg: Kontrollutvalget i Bjerkreim	Møtedato 27.08.2012	Utvalgssaksnr. 31 / 2012
---	-------------------------------	------------------------------------

**PRESENTASJON AV REVISOR OVERORDNEDE
REVISJONSSTRATEGI FOR 2012**

U. OFF. OFL § 24

Bakgrunn

Ifølge kommunelovens § 77, 4. ledd skal kontrollutvalget ”*påse at kommunens ... regnskaper blir revidert på betryggende måte*”. Tilsynet gjennomføres bl.a. ved at revisjonen rapporterer til kontrollutvalget på de ulike trinnene i revisjonsprosessen. Rapporteringen dekker både planlegging, gjennomføring og oppsummering av arbeidet. I denne omgang vil revisor presentere overordnet revisjonsstrategi som viser hvordan revisor planlegger årets revisjon.

Saksutredning

I følge forskrift om revisjon § 4 og god kommunal revisjonsskikk, skal revisor årlig utarbeide en plan for revisjon av regnskapet. Dette er et internt dokument som styrer det arbeidet revisor må utføre for å kunne bekrefte regnskapet.

Dette er et internt arbeidsdokument, og blir derfor ikke utlevert til kontrollutvalget. Revisor gir i stedet en muntlig orientering til utvalget om hovedtrekkene i arbeidet. Opplysninger som kommer fram i møtet er unntatt offentlighet i medhold av Offentleglova § 24.

Forslag til

VEDTAK:

Kontrollutvalget i Bjerkreim tar presentasjonen av overordnet revisjonsstrategi for 2012 til orientering.

SANDNES, 12.08.2012|

Wencke S. Olsen
Sokr.leder

[Til innkalling](#)